# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 092/21 | Formannskapet | PS | 17.11.2021 |
| 100/21 | Heradsstyret | PS | 08.12.2021 |
| 025/21 | Arbeidsmiljøutvalet | PS | 25.11.2021 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Øyvind Johannessen | | 21/2845 |

**Budsjett og Økonomiplan 2022-2025**

## Vedlegg:

BUD 2022-2025 Lenke til Økonomiplan
BUD 2022 Gebyrregulativ 2022 Teknisk forvaltningsteneste
2 BUD 2022 framlegg Gebyrregulativ tekniske tenester 2022
BUD 2022 Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2022.PDF (L)(611718)
BUD 2022 Renovasjonsgebyr 2022 Osterøy kommune - vedlagt rammen for BIR Privats A (L)(611716)
BUD 2022 Premisser for gebyrregulativ 2022 for renovasjonsgebyrene.PDF (L)(611719)
BUD 2022 STATSBUDSJETT 2022 - KOMMUNEOPPLEGGET - TILLEGG (L)(627612)
2021 09 21 Særutskrift framlegg til budsjett for kontrollarbeidet - Osterøy kontrollutval

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Budsjett for 2022, økonomiplan 2022-2025 samt investeringsplan 2022 til 2025 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettdukument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2022:**

1. **Midlar til fordeling**

2. **Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.22 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.**

| | |
|---|---|
| Midlar til fordeling | 502 215 |
| Rådmannen/stabsseksjonar | 42 908 |
| Oppvekst, undervisning og kultur | 204 669 |
| Helse, omsorg og sosial | 222 749 |
| Sanfunnsutvikling inkl sjølkost | 40 080 |
| **Sum rammeområda inkl. sjølvkost** | **510 406** |
| Sentrale postar | -18 351 |
| Lønsreserve | 10 150 |

| | |
|---|---|
| **Sum skjema 1B** | **502 205** |
| **Meir-/mindreforbruk** | **10** |

3. **Føresegner for tømming av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert, i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2022.**

4. **Med verknad frå 01.01.2022 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2022»**
5. **Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert uendra/fastsett frå 1.1.22 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2022 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».**

6. **Renovasjonsgebyr:**
    1. **Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallgdgebyret tilhører Osterøy Kommune.**
    2. **Prisen på renovasjonstenesta for 2022 vert sett opp med 15,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 15,-.**
    3. **Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021.**


a. **Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallgdgebyret tilhører Osterøy Kommune.**

b. **Prisen på renovasjonstenesta for 2022 vert sett opp med 15,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 15,-.**

c. **Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021.**


7. **Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).**

1. **Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:**
    4. **Mindre enn 9 timar veke kr.1 470 (økt med 2,4 %)**
    5. **9-15 timar veke kr.1 788 (økt med 2,4%)**
    6. **Meir enn 15 timar veke kr.2 105 (økt med 2,4%)**


a. **Mindre enn 9 timar veke kr.1 470 (økt med 2,4 %)**

b. **9-15 timar veke kr.1 788 (økt med 2,4%)**

c. **Meir enn 15 timar veke kr.2 105 (økt med 2,4%)**


9. **Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 536,- pr år (økt med 2,4 %).**

10. **Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2022 frå helse- og omsorgsdepartementet.**

11. **Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.**

12. **Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2022 vert kr 112,15 millionar, herav sjølvkostlån kr 23,5 millionar.**
13. **Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 23 millionar.**

14. **Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.**

15. **Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2022:**
    7. **Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).**
    8. **Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.**
    9. **Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.**
    10. **Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre**
    11. **Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.**

a. **Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).**
b. **Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.**
c. **Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.**
d. **Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre**
e. **Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.**

16. **Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.**

17. **Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.**

18. **Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.**
19. **Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 4,95 millionar inkl kommunal**

**tenesteyting.**

## Formannskapet - 092/21

### FS - behandling:
Kyrkjeleg fellesråd møtte for å orientere.
Rådmannen orienterte om budsjett og økonomiplan.
Økonomisjefen og Kommunalsjefene for Helse, Omsorg og Sosial (digitalt), Oppvekst, Undervisning og Kultur og Samfunnsutvikling møtte i saka.
----------------------------------------------------------
**Alf Terje Mortensen, FRP,** gjorde slikt endringsframlegg:
"Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med følgande korreksjonar. Rammer for utgifter vert sett i tråd med kolonne «FASTSATTE RAMMER» (kolonne 2) som beskrive i tabell øverst på side 6 i budsjettutkast som vart presentert formannskapsmøte 3.11.21. Det vert i tillegg lagt inn ein ekstra reduksjon i rammene for sektoren Helse, Omsorg og Sosial på ytterlegare 5 millioner. Ramma for denne sektoren vert sett til 215 722.
Samla midlar til fordeling vert sett til 502 205. Mellomverande midlar vert sett av til overskot/avsetning til disposisjonsfond. Sum avsett til disposisjonsfond vert sett til 10 493.
Tala for rammene i tabellen er tidlegare lagt fram av administrasjonen for både formannskap og økonomiutval. Dei er difor tidlegare sjekka ut av administrasjonen. Dei 5 millionane me legg inn i tillegg, er med referanse til KOSTRA tala for kommunen, Dei viser at me har eit noko for høgt forbruk samanlikna med kommunegruppa, fylkesgjennomsnitt og landsgjennomsnitt."

**Ordføraren** gjorde slikt tilleggsframlegg til investeringsbudsjettet:
"Det vert sett av opp til 300 000 kr i investeringsbudsjettet til «Moglegstudie Osterøyhallen; ENØK, renovering og utviding»
Inndekking: ENØK – tiltak, generelt vert redusert tilsvarande kostnad i investeringsbudsjett for 2022.

I tillegg vert fylgjande verbalpunkt fremja:

Rådmannen skal ila 1. halvår 2022 legge fram ei sak til formannskapet om innkjøp av ein moglegstudie som skal omhandla:

- ENØK-tiltak for å minka energibruken av hallen
Rapporten skal og ha særskild fokus på å moglegheita ved å bruk av takareal til energiproduksjon. Ved energiproduksjon meinast både solceller og solfangarar eller ein kombinasjon av desse. Utbygging av energiproduksjon på taket skal sjåast i samanheng ved ein renovering av dette. Andre dømer på ENØK som rapporten kan innehalda: Bytting av lysarmatur til LED, etterisolering, varmepumpe, smart energistyring m.m. (Lista er ikkje uttømmande)

I tillegg til redusert energibruk og reduserte kostnader skal eit overordna mål for ENØK-tiltaka vera å oppnå Miljøfyrtårnsertifisering av bygget i tråd med Samfunnsplanen.

-Behov for renovering av bygget.
Rapport frå styret i Osterøy Aktiv A/S syner at det er eit behov for ei større renovering av bygget om dette skal fungere i framtida. Denne delen av rapporten skal utarbeidast med dagleg leiar og styret i Osterøy Aktiv A/S som referansegruppe.

-Potensialet for utviding av Osterøyhallen på areal sett av i Områdeplan for Lonevåg med fylgjande alternativ:

Alt 1: Utviding av garderobekapasitet og anna «støtteareal» som ikkje omfattar sjølve idrettshallen (Andre dømer: Nytt kjøkken, ny kiosk, ny foaje, styrkerom m.m.) Denne delen av rapporten skal ha dagleg leiar og styreleiar i Osterøy Aktiv A/S, to personar frå idrettslaga på Osterøy og ein person i frå eining for Kultur og Mangfald som referansegruppe. Arbeidsgruppe for innstilling i valsaker får i oppgåve å innstille på to frå idrettslaga til formannskapet som utpeiker dei når dei bestiller rapporten. Rådmannen får i oppgåve å peike ut ein person frå Kultur og Mangfald.
Alt 2: Alt 1 med flygjande tillegg: Utviding av sjølve idrettshallen.
Alt 3: Alt 1 med flygjande tillegg: Utviding av sjølve idrettshallen der den nye delen og kan brukast til kulturføremål.

Rapporten skal innehalda eit kostnadestimat av renovering og dei forskjellige utbyggingsalternativa og ei kost/nytte vurdering av ENØK tiltak. Rapporten skal og greie ut om potensielle støtteordningar som t.d. Tippemidlar og ENOVA-støtte.
Rapporten skal legga eit grunnlag for heradsstyre å ta stilling til kva me ynskjer for framtida til Osterøyhallen ila 2022.
Utvikling av Osterøyhallen skal sjåast i samanheng med kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet"

**Hjalti H. Gislason, H,** gjorde slikt endringsframlegg til investeringsbudsjettet:
"Posten «Utvidelse av kapasitet barnehage» til 8.000.000,- vert stroke frå investeringsbudsjettet.

Grunngjeving:
Etter vedtak i HS084/21 «Barnehagebruksplanen 2021-2025» skal kommunen ikkje satsa på vidare utbygging i barnehagesektoren i perioden planen gjeld."

**Turid B. Njåstad, SP,** gjorde slikt verbal framlegg:
"Rådmann skal i 2022 kartlegga all skog som det er økonomisk nyttbart å avvirka.

Ein ynskjer ei tilbakemelding på dette i løpet av første halvår.

Grunngjeving: Osterøy kommune er ein stor skogeigar med mykje hogstmoden skog. Vert ikkje dette avvirka snart vil dette etterkvart råtne og store verdiar vil gå tapt."

**Alf Terje Mortensen, FRP**, gjorde slikt endringsframlegg til investeringsbudsjettet:
"INVESTERING:
Investeringsramme vert sett til 80000 for prosjekt, 8500 for sjølvkost og 10000 for sjølvkost i samarbeid med andre. Aktuelle investeringsprosjekt er synt i tabell 3.4 side 9. Følgande punkt går likevel ut av lista:
- Utviding Hauge Barnehage,
- ENØK tiltak vert å trekke ut. Her må midlane fordelast direkte på konkret prosjekt.
- Bu og avlastingsteneste Hauge vert teke ut. Dette vert å ta stilling
- Bustader Psykiatri vert teke ut av lista. Dette vert å ta stilling til når konkret sak er førelagt Heradstyret
- Posten Kjøp og innløysing av grunn vert stroke frå lista. Dette vert å ta konkret stilling til i kvar enkelt sak og der saka er knytt direkte mot prosjekt.
ALLE investeringar etter denne lista vert å leggje fram for formannskapet for godkjenning dersom sum totalt inklusive MVA er under 2 millioner. Er summane over dette, vert det å leggje fram for heradstyret for godkjenning. Søknad om investering skal som eit minimum innehalde kostnadsoversyn og anbodspapir. Det må og seiast noko om potensiale for feilmargin."

---

**AVRØYSTING:**
Rådmannen sitt framlegg
Røyster for: 2SP, 2H, 2AP, 1KRF

Mot

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt endringsframlegg
Røyster for: 2FRP

-------------------------------------------------------------
Rådmannen sitt inv.bud.
Røyster for: 2SP, 2H, 2AP, 1KRF

Mot

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt endringsframlegg til inv.bud.
Røyster for: 2FRP
-------------------------------------------------------------
Rådmannen sitt inv.bud.
Røyster for: 2FRP
Mot

Hjalti H. Gislason, H, sitt endringsframlegg til inv.bud
Røyster for: 2SP, 2H, 2AP, 1KRF

--------------------------------------------------------------

Ordføraren sitt tilleggsframlegg til Inv.bud.
Røyster for: 2SP, 2H, 2AP, 1KRF
Røyster mot: 2FRP

Turid B. Njåstad, SP, sitt verbal framlegg
Røyster for: Samrøystes

Budsjett og investeringsbudsjett med dei endringane som no er vedteke.
Røyster for: Samrøystes

## FS - vedtak:

**Budsjett for 2022, økonomiplan 2022-2025 samt investeringsplan 2022 til 2025 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettdukument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2022:**

1. **Midlar til fordeling**

2. **Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.22 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.**

| | |
|---|---|
| **Midlar til fordeling** | **502 215** |
| **Rådmannen/stabsseksjonar** | **42 908** |
| **Oppvekst, undervisning og kultur** | **204 669** |
| **Helse, omsorg og sosial** | **222 749** |
| **Sanfunnsutvikling inkl sjølkost** | **40 080** |
| **Sum rammeområda inkl. sjølvkost** | **510 406** |
| **Sentrale postar** | **-18 351** |
| **Lønsreserve** | **10 150** |
| **Sum skjema 1B** | **502 205** |
| **Meir-/mindreforbruk** | **10** |

3. **Føresegner for tømming av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert, i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2022.**

4. **Med verknad frå 01.01.2022 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2022»**
5. **Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert uendra/fastsett frå 1.1.22 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2022 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».**

6. **Renovasjonsgebyr:**
    1. **Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallgdgebyret tilhører Osterøy Kommune.**
    2. **Prisen på renovasjonstenesta for 2022 vert sett opp med 15,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 15,-.**
    3. **Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021.**

a. **Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallgdgebyret tilhører Osterøy Kommune.**
b. **Prisen på renovasjonstenesta for 2022 vert sett opp med 15,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 15,-.**
c. **Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021.**

7. **Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).**

8. **Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:**
    4. **Mindre enn 9 timar veke kr.1 470 (økt med 2,4 %)**
    5. **9-15 timar veke kr.1 788 (økt med 2,4%)**
    6. **Meir enn 15 timar veke kr.2 105 (økt med 2,4%)**

a. **Mindre enn 9 timar veke kr.1 470 (økt med 2,4 %)**
b. **9-15 timar veke kr.1 788 (økt med 2,4%)**
c. **Meir enn 15 timar veke kr.2 105 (økt med 2,4%)**

1. **Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 536,- pr år (økt med 2,4 %).**

2. **Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2022 frå helse- og omsorgsdepartementet.**

3. **Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.**

4. **Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2022 vert kr 104,15 millionar, herav sjølvkostlån kr 23,5 millionar.**
5. **Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 23 millionar.**

6. **Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.**

7. **Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2022:**
    7. **Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).**
    8. **Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.**
    9. **Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.**
    10. **Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre**
    11. **Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.**

a. **Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).**
b. **Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.**
c. **Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.**
d. **Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre**
e. **Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.**

16. **Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.**

17. **Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.**

18. **Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.**

19. **Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 4,95 millionar inkl kommunal tenesteyting.**

**Endringar/tillegg:**

**1. Posten «Utvidelse av kapasitet barnehage» til 8.000.000,- vert stroke frå investeringsbudsjettet. (punkt 12 over er justert iht til dette nedtrekket)**

**- Grunngjeving:**
**Etter vedtak i HS084/21 «Barnehagebruksplanen 2021-2025» skal kommunen ikkje satsa på vidare utbygging i barnehagesektoren i perioden planen gjeld.**

**2. Det vert sett av opp til 300 000 kr i investeringsbudsjettet til «Moglegstudie Osterøyhallen; ENØK, renovering og utviding»**
**Inndekking: ENØK – tiltak, generelt vert redusert tilsvarande kostnad i investeringsbudsjett for 2022.**

**I tillegg vert fylgjande verbalpunkt fremja:**

**Rådmannen skal ila 1. halvår 2022 legge fram ei sak til formannskapet om innkjøp av ein moglegstudie som skal omhandla:**

**- ENØK-tiltak for å minka energibruken av hallen**
**Rapporten skal og ha særskild fokus på å moglegheita ved å bruk av takareal til energiproduksjon. Ved energiproduksjon meinast både solceller og solfangarar eller ein kombinasjon av desse. Utbygging av energiproduksjon på taket skal sjåast i samanheng ved ein renovering av dette. Andre dømer på ENØK som rapporten kan innehalda: Bytting av lysarmatur til LED, etterisolering, varmepumpe, smart energistyring m.m. (Lista er ikkje uttømmande)**

**I tillegg til redusert energibruk og reduserte kostnader skal eit overordna mål for ENØK-tiltaka vera å oppnå Miljøfyrtårnsertifisering av bygget i tråd med Samfunnsplanen.**

**-Behov for renovering av bygget.**
**Rapport frå styret i Osterøy Aktiv A/S syner at det er eit behov for ei større renovering av bygget om dette skal fungere i framtida. Denne delen av rapporten skal utarbeidast med dagleg leiar og styret i Osterøy Aktiv A/S som referansegruppe.**

**-Potensialet for utviding av Osterøyhallen på areal sett av i Områdeplan for Lonevåg med fylgjande alternativ:**
**Alt 1: Utviding av garderobekapasitet og anna «støtteareal» som ikkje omfattar sjølve idrettshallen (Andre dømer: Nytt kjøkken, ny kiosk, ny foaje, styrkerom m.m.) Denne delen av rapporten skal ha dagleg leiar og styreleiar i Osterøy Aktiv A/S, to personar frå idrettslaga på Osterøy og ein person i frå eining for Kultur og Mangfald som referansegruppe. Arbeidsgruppe for innstilling i valsaker får i oppgåve å innstille på to frå idrettslaga til formannskapet som utpeiker dei når dei bestiller rapporten. Rådmannen får i oppgåve å peike ut ein person frå Kultur og Mangfald.**
**Alt 2: Alt 1 med flygjande tillegg: Utviding av sjølve idrettshallen.**
**Alt 3: Alt 1 med flygjande tillegg: Utviding av sjølve idrettshallen der den nye delen og kan brukast til kulturføremål.**

**Rapporten skal innehalda eit kostnadestimat av renovering og dei forskjellige utbyggingsalternativa og ei kost/nytte vurdering av ENØK tiltak. Rapporten skal og greie ut om**

**potensielle støtteordningar som t.d. Tippemidlar og ENOVA-støtte.**
**Rapporten skal legga eit grunnlag for heradsstyre å ta stilling til kva me ynskjer for framtida til Osterøyhallen ila 2022.**

**Utvikling av Osterøyhallen skal sjåast i samanheng med kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet**

**3. Rådmann skal i 2022 kartlegga all skog som det er økonomisk nyttbart å avvirka.**

**Ein ynskjer ei tilbakemelding på dette i løpet av første halvår.**

**- Grunngjeving: Osterøy kommune er ein stor skogeigar med mykje hogstmoden skog. Vert ikkje dette avvirka snart vil dette etterkvart råtne og store verdiar vil gå tapt.**

**Heradsstyret - 100/21**

## HS - behandling:

Framlegg og votering i saka går fram i protokoll for votering

## HS - vedtak:

**Budsjett  for 2022, økonomiplan 2022-2025 samt investeringsplan 2022 til 2025 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettdukument og hovudoversikter, og med slike driftsrammer for 2022:**

1. **Midlar til fordeling**

2. **Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.22 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.**

| | |
|---|---|
| **Midlar til fordeling** | **502 215** |
| **Rådmannen/stabsseksjonar** | **42 908** |
| **Oppvekst, undervisning og kultur** | **204 669** |
| **Helse, omsorg og sosial** | **222 749** |
| **Sanfunnsutvikling inkl sjølkost** | **40 080** |
| **Sum rammeområda inkl. sjølvkost** | **510 406** |
| **Sentrale postar** | **-18 351** |
| **Lønsreserve** | **10 150** |
| **Sum skjema 1B** | **502 205** |
| **Meir-/mindreforbruk** | **10** |

3. **Føresegner for tømming av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert,**

**i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2022.**

4. **Med verknad frå 01.01.2022 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2022»**
5. **Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert uendra/fastsett frå 1.1.22 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2022 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».**

6. **Renovasjonsgebyr:**
    1. **Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallgdgebyret tilhører Osterøy Kommune.**
    2. **Prisen på renovasjonstenesta for 2022 vert sett opp med 15,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 15,-.**
    3. **Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021.**

a. **Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallgdgebyret tilhører Osterøy Kommune.**
b. **Prisen på renovasjonstenesta for 2022 vert sett opp med 15,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 15,-.**
c. **Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Pristabell renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021.**

7. **Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).**

8. **Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik:**
    4. **Mindre enn 9 timar veke kr.1 470 (økt med 2,4 %)**
    5. **9-15 timar veke kr.1 788 (økt med 2,4%)**
    6. **Meir enn 15 timar veke kr.2 105 (økt med 2,4%)**

a. **Mindre enn 9 timar veke kr.1 470 (økt med 2,4 %)**
b. **9-15 timar veke kr.1 788 (økt med 2,4%)**
c. **Meir enn 15 timar veke kr.2 105 (økt med 2,4%)**

9. **Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 536,- pr år (økt med 2,4 %).**

10. **Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2022 frå helse- og omsorgsdepartementet.**

11. **Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.**

12. **Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2022 vert kr 104,15 millionar, herav sjølvkostlån kr 23,5 millionar.**
13. **Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 23 millionar.**

14. **Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.**

15. **Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2022:**
    7. **Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).**
    8. **Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.**
    9. **Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.**
    10. **Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre**
    11. **Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.**

a. **Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).**
b. **Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.**
c. **Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.**
d. **Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre**
e. **Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.**

16. **Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.**

17. **Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.**

18. **Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.**
19. **Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 4,95 millionar inkl kommunal tenesteyting.**

**Endringar/tillegg:**

**1. Posten «Utvidelse av kapasitet barnehage» til 8.000.000,- vert stroke frå investeringsbudsjettet. (punkt 12 over er justert iht til dette nedtrekket)**

**- Grunngjeving:**
**Etter vedtak i HS084/21 «Barnehagebruksplanen 2021-2025» skal kommunen ikkje satsa på vidare utbygging i barnehagesektoren i perioden planen gjeld.**

**2. Det vert sett av opp til 300 000 kr i investeringsbudsjettet til «Moglegstudie Osterøyhallen; ENØK, renovering og utviding»**
**Inndekking: ENØK – tiltak, generelt vert redusert tilsvarande kostnad i investeringsbudsjett for 2022.**

**I tillegg vert fylgjande verbalpunkt fremja:**

**Rådmannen skal ila 1. halvår 2022 legge fram ei sak til formannskapet om innkjøp av ein moglegstudie som skal omhandla:**

**- ENØK-tiltak for å minka energibruken av hallen**
**Rapporten skal og ha særskild fokus på å moglegheita ved å bruk av takareal til energiproduksjon. Ved energiproduksjon meinast både solceller og solfangarar eller ein kombinasjon av desse. Utbygging av energiproduksjon på taket skal sjåast i samanheng ved ein renovering av dette. Andre dømer på ENØK som rapporten kan innehalda: Bytting av lysarmatur til LED, etterisolering, varmepumpe, smart energistyring m.m. (Lista er ikkje uttømmande)**

**I tillegg til redusert energibruk og reduserte kostnader skal eit overordna mål for ENØK-tiltaka vera å oppnå Miljøfyrtårnsertifisering av bygget i tråd med Samfunnsplanen.**

**-Behov for renovering av bygget.**
**Rapport frå styret i Osterøy Aktiv A/S syner at det er eit behov for ei større renovering av bygget om dette skal fungere i framtida. Denne delen av rapporten skal utarbeidast med dagleg leiar og styret i Osterøy Aktiv A/S som referansegruppe.**

**-Potensialet for utviding av Osterøyhallen på areal sett av i Områdeplan for Lonevåg med fylgjande alternativ:**
**Alt 1: Utviding av garderobekapasitet og anna «støtteareal» som ikkje omfattar sjølve idrettshallen (Andre dømer: Nytt kjøkken, ny kiosk, ny foaje, styrkerom m.m.) Denne delen av rapporten skal ha dagleg leiar og styreleiar i Osterøy Aktiv A/S, to personar frå idrettslaga på Osterøy og ein person i frå eining for Kultur og Mangfald som referansegruppe. Arbeidsgruppe for innstilling i valsaker får i oppgåve å innstille på to frå idrettslaga til formannskapet som utpeiker dei når dei bestiller rapporten. Rådmannen får i oppgåve å peike ut ein person frå Kultur og Mangfald.**
**Alt 2: Alt 1 med flygjande tillegg: Utviding av sjølve idrettshallen.**
**Alt 3: Alt 1 med flygjande tillegg: Utviding av sjølve idrettshallen der den nye delen og kan brukast til kulturføremål.**

**Rapporten skal innehalda eit kostnadestimat av renovering og dei forskjellige utbyggingsalternativa og ei kost/nytte vurdering av ENØK tiltak. Rapporten skal og greie ut om potensielle støtteordningar som t.d. Tippemidlar og ENOVA-støtte.**
**Rapporten skal legga eit grunnlag for heradsstyre å ta stilling til kva me ynskjer for framtida til Osterøyhallen ila 2022.**

**Utvikling av Osterøyhallen skal sjåast i samanheng med kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet**

**3. Rådmann skal i 2022 kartlegga all skog som det er økonomisk nyttbart å avvirka.**

**Ein ynskjer ei tilbakemelding på dette i løpet av første halvår.**

**- Grunngjeving: Osterøy kommune er ein stor skogeigar med mykje hogstmoden skog. Vert ikkje dette avvirka snart vil dette etterkvart råtne og store verdiar vil gå tapt.**

## Saksopplysningar:

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**
Rådmann sitt framlegg til budsjett for 2022 vert med dette lagt fram til politisk handsaming.
Rammene for 2022 budsjettet er krevjande, men budsjettet for 2022 og åra fram til 2025 er saldert

**Konklusjon**
Saka vert lagt fram til handsaming og tilråding til vedtak.